

Årsmelding

2007

Eidsfossen Sykkelklubb



Fem mann frå Eidsfossen Sykkel på toppen av Dalsnibba etter vel gjennomført Nibberitt 16.juni. Dette biletet blei kåra til "årets foto" 2007 (foto Oda Eide)

Velkomen til Årsmøte i Eidsfossen Sykkelklubb Gloppebua 9.mars 2008 kl 17.00

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, sekretær og to til å skrive under møteboka
3. Premieutdeling lagsmeisterskap
4. Innkomne saker til styret
5. Godkjenning av årsmelding
6. Godkjenning av rekneskap
7. Godkjenning av kontingent for 2008
8. Val
Årsmøtet er slutt

Matøkt

I etterkant av årsmøtet; Ordet fritt:

- Drøfting av opplegg for fellestreningar, konkurransar m.m
- Førespurnad om å arrangere eit terrengritt i Gloppen med Sparebanken Sogn og Fjordane som hovudsponsor

Skipingsmøte

Det blei avhalde skipingsmøte for sykkelklubb i Gloppen på Glippebua på Sandane torsdag 18.januar 2007.

Initiativtakarar til møtet var Rune Hjelle, Kjetil Eide og Vidar Eide. Det møtte 10 personar på skipingsmøtet, og det blei fatta vedtak om å skipe ein sykkelklubb under namnet Eidsfossen Sykkel.

I etterkant av skipingsmøtet har Sogn og Fjordane idrettskrins vedteke at dette ikkje kunne vere det offisielle namnet på klubben. Dette er sett til å vere Eidsfossen Sykkelklubb, men styret er av den oppfatning at Eidsfossen Sykkel likevel kan nyttast som ei forkorting i daglegtale og ved påmelding til ulike arrangement. Vidare i årsmeldinga blir det brukt Eidsfossen Sykkel

Styresamansetning

Følgjande styre blei valt på skipingsmøtet:

Leiar: Vidar Eide

Nestleiar og kasserar: Kjetil Eide

Styremedlem og sekretær: Dag-Arne Eide

Styremedlem: Helge Roska

Styremedlem: Else Pernille Eide

Varamedlem: Kjersti Rønningen

Revisorar: Arne Myklebust og Allan Mardal

Medlemstal

Klubben har ved utgangen av 2007 68 medlemmar i alderen 2 til 72 år.

Møte og saker

Det har i 2007 vore avhalde 5 styrmøte og handsama 34 saker, men enkelte av sakene har gått igjen på fleire møte, slik at talet på separate saker er lågare.

Nettsider

Eidsfossen Grand Prix har over fleire år hatt eigne nettsider med adressa <http://home.no.net/eidsfoss/>

Desse sidene blei utvida til å omhandle også andre aktivitetar og "relansert" 8.september 2006. Dette er no klubben sine offisielle sider. Sidene har i 2007 hatt om lag 15000 treff, noko som tilseier 41 pr. dag. I juni 2007 blei det lansert eit diskusjonsforum som har blitt ein suksess. Her kan medlemmane og andre uttrykkje si meining om mangt og mykje, og kommentere andre sine innlegg. Desse diskusjonssidene blir også nytta til annonsering av fellestreningar. Det er også oppretta 2 biletarkiv med rikt innhald frå treningar og konkurransar. Nettredaktør er Vidar Eide.

Sportslege resultat 2007

Sykkelritt

Medlemar frå Eidsfossen Sykkel har delteke i 8 ulike sykkelritt i 2007 med fleire sterke prestasjonar.

Jølster rundt, 20.mai:

Sesongen starta med landevegsrittet Jølster Rundt. 3 mann deltok i eit ufyseleg ver med mykje regn og vind. Arne Nesgård og Helge Roska kom likt i mål med andre gruppe, og sistnemnde blei premiært som 4.mann i si klasse. Tredjemann som deltok var Vidar Eide.

<http://www.fordeck.org/>

Bergen-Voss, 9.juni:

Olav Henden deltok som einaste mann frå klubben i det 170 kilometer lange landevegsrittet. Han sleit med krampe mot slutten av rittet, og kom likevel inn på den gode tida 5 timar 11 min, og blei med det nr. 108 av 275 deltakarar i si klasse.

<http://www.bergenck.no/comweb.asp?segment=5&session=>

Nibberittet, 16.juni:

Fem mann stilte på startstrek i dette sykkelrittet som ein vel trygt kan kalle eit motbakkeritt. Start ved sjøen i Geiranger sentrum og mål etter 21 km på Dalsnibba 1500 moh. Dette var eit svært flott arrangement i spektakulære omgjevnader og i nydeleg ver !

Svært sterk innsats av fleire, Dag-Arne Eide vann klasse M50-54 på tida 1,26,28. Kjetil Eide kom på 3.plass i klasse M40-44 med tida 1,23,23. Øvrige deltakarar som fullførte var Arne Nesgård (10.plass av 70 deltakarar i M23-39), Helge Roska (12.plass i M40-44) og Vidar Eide (28.plass i M40-44).

9 andre frå klubben gjekk same dag Geirangermarsjen, dei siste 5-kilometerane av sykkelløypa frå Djupevasshytta til Dalsnibba, og fekk sin velfortente medalje for den prestasjonen.

<http://www.frafjordtilfjell.com/hoved.php?valg=2>



Dag-Arne Eide på toppen av sigerspallen (foto Vidar Eide)

Den store styrkeprøven Trondheim-Oslo, 23.juni:

Her deltok Arne Myklebust og fullførde i fin stil saman med ei stor gruppe frå Økonor.

<http://www.styrkeproven.no/>

Grenserittet 4.august:

3 stk. på startstrek i det 80 kilometer lange terrengrittet over grensa mellom Strømstad og Halden.

Kjetil Eide blei nr. 63 av 596 deltakarar i klasse M40-44 år på ny pers med tida 2,52,17. Allan Mardal nr. 178 av 415 i M45-49 på tida 3,16,13 og Kjersti Rønningen nr 17 av 94 i K40-44 på tida 3,28,58.

<http://www.grenserittet.com/>

Eidsfossen Grand Prix, 19.august:

Vårt eige ritt blei arrangert for sjuande gong på Eide. For første gong fekk vi ausande regnver, men dette hindra ikkje folk å stille opp. Deltakartalet var likevel på nivå med tidlegare år, då vi har vore velsigna med godver.

Totalt var det 115 deltakarar med stort og smått. I Knax-klassa for dei yngste borna i regi av sparebanken Sogn og Fjordane, var det 55 deltakarar, familieklasse 36 og i dei ulike konkurranseklassane 24 stk. Også i år stilte Olav K Henden AS/G-sport med ein flott sykkel som hovudpremie. Sparebanken Sogn og Fjordane støtta også arrangementet i betydeleg grad som tidlegare.

<http://home.no.net/eidsfoss/hovedside2007.html>



Lang rekke av våte syklistar under Eidsfossen Grand Prix 2007 (foto Else Margrethe Larsen)

Birkebeinerrittet, 25.august:

Det 92 kilometer lange Birkebeinerrittet er sesongens store mål for fleire av sykklistane i klubben. I 2007 var det rekordstor tropp frå Gloppen som reiste i det 14 personar frå klubben stilte på startstrek. Det er kvart år lagt opp til ei sosial råde kring arrangementet med innleigd eigen buss dei to siste åra.

Resultatmessig blei det også eit godt år i det 9 av dei startande klarte merket, og dei øvrige 5 også fekk gode plasseringar. Fint ver, men motvind gjorde at tidene for dei fleste vart svakare enn tidlegare. Deltakaroversikt med mellomtider og strekktider nedanfor:

	Skramstad		Bringebu		Kvarstad		Storåsen		Mål	Klasse	plass	delt.
Trygve Henden Gaasø	31,07	35,27	1,06,34	48,56	1,55,30	47,37	2,43,07	41,49	3,24,56	16-19	21	294
Arne Nesgård	30,32	34,35	1,05,07	49,13	1,54,20	51,00	2,45,20	40,58	3,26,18	30-34	76	1498
Kjetil Eide	29,56	34,23	1,04,19	50,00	1,54,19	51,39	2,45,58	41,14	3,27,12	40-44	126	2275
Dag-Arne Eide	30,31	35,36	1,06,07	51,01	1,57,08	52,28	2,49,36	42,10	3,31,46	50-54	41	1005
Edvard Fjellestad	33,36	37,43	1,11,19	51,19	2,02,38	52,22	2,55,00	43,59	3,38,59	30-34	180	1498
Henry Hammersland	32,52	38,08	1,11,00	51,44	2,02,44	54,41	2,57,25	42,50	3,40,15	45-49	198	1598
Vidar Eide	32,50	37,42	1,10,32	53,29	2,04,01	56,09	3,00,09	42,45	3,42,54	40-44	405	2275
Helge Roska	32,41	40,05	1,12,46	52,53	2,06,39	52,32	2,59,11	44,39	3,43,50	40-44	426	2275
Olav Henden	33,21	38,37	1,11,58	53,49	2,05,47	56,23	3,02,10	43,11	3,45,21	40-44	459	2275
Jørn Lothe	34,35	40,05	1,14,40	57,01	2,11,41	59,19	3,11,00	46,49	3,57,49	35-39	704	2249
Allan Mardal	36,51	41,24	1,18,15	59,10	2,17,25	1,03,03	3,20,28	44,30	4,04,58	45-49	591	1598
Arne Myklebust	37,06	43,05	1,20,11	57,38	2,17,49	1,03,39	3,21,28	47,03	4,08,31	50-54	365	1005
Øystein Sundal	36,28	43,56	1,20,24	1,02,45	2,22,09	1,07,41	3,29,50	52,33	4,22,23	45-49	920	1598
Ragnhild Sollid	44,03	50,30	1,34,33	1,08,06	2,42,39	1,10,47	3,53,26	56,20	4,49,46	35-39	139	403

Tidene i tabellen er ikkje direkte samanliknbare i det deltakarane hadde ulike startposisjonar og dermed ulikt nivå på dei samstundes startande.

<http://www.birkebeiner.no/ritt/>



Debutanten Edvard Fjellestad mot mål til ei god tid og merke frå dårleg startposisjon. Han blei i ei avstemning mellom deltakarane frå Eidsfossen Sykkel kåra til "Årets namn" i klubben i Birkebeinerrittet 2007. (Foto Vidar Eide)



Ein uhøgtideleg intern konkurranse er kampen om dei ulike trøyene. Frå venstre Arne Nesgård vinnar av klatretrøye som bestemann i motbakkepartiet opp mot Storåsen, vinnartrøye for beste sluttid Trygve Henden Gaasø, spurttrøye for beste tid frå toppen ned til mål Kjetil Eide (foto Vidar Eide)

Alperittet, 8.september:

Alperittet er eit 42 kilometer langt terrengritt på Stranda på Sunnmøre. Rittet hadde rekordmange deltakarar frå Eidsfossen Sykkel på startstrek under svært våte forhold. 4 mann sykla den lengste løypa på tid og tre av dei fekk plass på sigerspallen: Kjetil Eide nr, 2 i M40, Dag-Arne Eide nr. 2 i M50 og Arne Nesgård nr. 3 i M30. Elles deltok også Vidar Eide. I barnerittet utan tidtaking deltok 8 jenter og gutar frå klubben.

<http://www.alperittet.com/sykkel1.htm>



Kjetil Eide mot mål som bestemann frå klubben og til 2.plass i si klasse i Alperittet 2007 (foto Else Margrethe Larsen)

Motbakkeløp

Medlemar av Eidsfossen Sykkel har delteke på fleire motbakkeløp rundt om i Sogn og Fjordane med mange klassesigrar og svært sterke prestasjonar elles.

Svinestrandsløpet, 24.juni:

I det lokale Svinestrandsløpet markerte klubben seg i tydeleg grad på resultatlistene, både med mange deltakarar og sterke resultat. Tredobbelt i klasse M40 med siger til Trond Midtkandal framfor Kjetil Eide og Henry Hammersland. Klassesiger blei det også til Dag-Arne Eide. Trygve Henden Gaasø vann også si klasse, men representerte i denne samanhengen Fjellhug/Vereide. Eidsfossen Sykkel vart nr to i lagkonkurransen der dei tre beste frå klubben var teljande. Dette løpet var også lagt inn som eit uhøgtideleg klubbmeisterskap i motbakkeløp.

<http://idrett.speaker.no/organisation.asp?WCI=wiKlubbKassaNews&WCU=610000&CatId=101963>

NM Turtagrø-Fanaråken, 11.aug:

Her stilte klubben med 4 deltakarar på startsrteke i eit fantastisk ver; Olav Fuglestrand, Kjetil Eide, Helge Roska og Dag-Arne Eide. Sistnemnde sikra klubben sin første NM-medalje i det han tok sølv i klasse M50-54 år!

<http://www.fanaraaken.com/>

Biletet viser Kjetil Eide på veg mot Fanaråken 2068 moh. (foto Kristin Roset, Kondis)



Skåla 1848 m rett opp, 18.august

9 medlemar av Eidsfossen Sykkel stilte til start på Skåla Opp, 8 tidlegare deltakarar og ein debutant. Historisk god innsats ved at alle sette personlege rekordar, trass i kjøleg ver med nysnø på toppen. Edvard Fjellestad var bestemann på den sterke tida 1,32,13. Nest best blei Kjetil Eide som nok ein gong spurtslo Jørn Lothe og fekk tida 1,35,31. Dag-Arne

Eide fekk igjen pallplass i motbakkeløp i det han blei nummer 2 i klasse 50-54 år med tida 1,37,56. Vidare må også nemnast at Helge Roska blei best i 90+ klubben på 1,42,59 med debutant Arne Nesgård like bak på 1,44,03. Sterke tider og plasseringar også av Olav Fuglestrand og Henry Hammersland som begge kom under 1,40.

Olav Fuglestrand har delteke alle 6 åra dette motbakkeløpet har vore arrangert, og sett ny personleg bestetid kvart år!

<http://www.skaala.no/>

Medlemar frå klubben har også delteke i andre motbakkeløp med stort hell; som til dømes Vetenløpet i Bremanger, Storehesten Opp i Bygstad, Eggenipa Opp på Breim, Kletten opp i Naustdal og Hovlandsstølen Opp i Eikefjord

<http://www.storehestenopp.no/>

<http://idrett.speaker.no/organisation.asp?WCI=wiKlubbKassaNews&WCU=616020&CatId=66389>

http://eikefjord.net/index.php?option=com_content&task=view&id=2268&Itemid=1

Andre idrettsarrangement:

Breimstafetten

Eidsfossen Sykkel stilte med to lag på Breimstafetten, eitt veteranlag og eitt i Opa klasse. Sistnemnde lag var svært nær sigeren, men enda på tredje plass og fekk for den prestasjonen ein flott pokal. Veteranlaget blei sist i si klasse, men hadde mykje betre tid enn i 2006. Vi markerte oss også i positiv lei i defileringa, og blei omtala som den moralske vinnaren.

<http://www.breim.no/stafett/>



Frå defileringa Breimstafetten 2007 (foto Olav Henden)

Triathlon

Triatlon i Hyen er eit lokalt arrangement som fleire frå klubben brukar å delta i. Trygve Henden Gaasø vann juniorklassa og blei kun slegen av Roger Aa Djupvik. Kjetil og Vidar Eide stilte som vanleg opp i denne konkurransen, der førstnemnde gjennomførte ein sterk konkurranse og blei nummer 4. Manglande symjeeigenskapar blei det kompensert for på sykkeletappen.

Eidsfossen Sykkel hadde også deltakarar på startstrek under Oslofjord Triatlon i Stavern.

Skirenn

Fleire klubbmedlemar har også delteke i ulike skirenn, som f.eks Birkebeinerrennet (avbrote pga. sterk vind) og Rypeskarrennet, men har i denne samanhengen representert Fjellhug/Vereide. Det bør likevel trekkjast fram at Trygve Henden Gaasø blei juniornoregsmeister i langrenn i 2007.

Birkebeinerløpet:

Klubben hadde også to deltakarar med på Birkebeinerløpet på Lillehammer, Olav Fuglestrand og Helge Roska. Begge desse klarte merket og sistnemnde blei med det også klubben sin første Superbirkebeiner i det han hadde teke merke i dei to Birkebeinerarrangementa som vart avvikla i 2007.

Fellestreningar

Det har i 2007 vore eit organisert opplegg for fellestreningar. Frå nyttår og framover føregjekk desse på ski eller til fots alt ettersom veret tillet. Desse treningane kjem under kategorien "roleg langkøyr" og har hatt eit sosialt tilsnitt. Ansvarleg for å leggje ruta og vise veg har vore Dag-Arne Eide. Det blei gjennomført 19 slike turar frå 6.januar til 1.mai. Oppmøtet var på ca 4 i gjennomsnitt.

Tilsvarande opplegg har vore gjennomført sist haust, då med noko dårlegare oppmøte.



Det er plass til leik og moro på treningsturane; Trond Midtkandal og Olav Henden på veg ned frå Vetten (foto Helge Roska)

Frå 14.mars og fram til Birkebeinerrittet i slutten av august har det vore gjennomført fellestreningar på sykkel. Turane har gått både på landevegen omkring i Gloppen og nabokommunane, og på grusvegar i låglandet eller oppover til støylar o.l., etter på førehand oppsett liste.

Oppmøtet har vore variabelt i det ein del har fokusert treninga på motbakkeløp.

Lagsmeisterskap

Klubben forsøkte seg med eit opplegg med ei rekkje lagsmeisterskap, der ein samanlagtvinar blei kåra. 5 konkurransar vart gjennomført, eitt temporitt, eitt motbakkeløp (Svinestrandsløpet), eitt terrengritt (Eidsfossen Grand Prix), Birkebeinerrittet og ein fellesstart landeveg. 4 konkurransar var teljande. Klar samanlagtvinar og Eidsfossen Sykkel sin første klubbmeister blei Trygve Henden Gaasø.

Nedanfor følgjer resultatliste med plassiffer:

	Temporitt	Motbakkeløp	Terrengritt	Birken	Fellesstart	Sum 4 konkurransar
Klubbmeisterskap Eidsfossen Sykkel 2007						
Trygve Henden Gaasø	1	1		1	1	4
Arne Nesgård	3	8	2	2	2	9
Kjetil Eide	4	4	1	3		12
Dag-Arne Eide	7	6	3	4		20
Jørn Lothe	2	5	4	10		21
Henry Hammersland	5	7	8	6	3	21
Helge Roska	6	9	6	8	4	24
Vidar Eide	8	10	9	7	5	29
Edvard Fjellestad		3	7	5		
Olav Henden			5	9	6	
Arne Myklebust			10	12		
Trond Midtkandal		2				
Allan Mardal				11		
Øystein Sundal				13		

Kvinner

Ragnhild Sollid				1		
-----------------	--	--	--	---	--	--

Sponsor/Klubbavtale

Klubben inngjekk i 2007 eit formelt samarbeid med Olav K. Henden AS i form av ei 3-årig klubbavtale. Klubben sine medlemmar får rabatt på sykklar og sykkelutstyr, og firmaet støttar Eidsfossen Grand Prix med premiar. Eidsfossen Grand Prix har også fått betydeleg støtte frå Sparebanken Sogn og Fjordane i alle år det har vore arrangert, så også i 2007.



Sjølvkritikk:

Klubben har i sitt fyrste år ikkje lukkast på alle plan;

- Vi har ikkje lukkast med å rekruttere aktive kvinner til klubben
- Det har ikkje kome så mange nye deltakarar på fellestreningane, dei få nye som har vore kan ha blitt "skremt" av for høgt tempo.
- Det har ikkje blitt sett i gong organiserte treningar for born/ungdom.

Kleskolleksjon:

Det er bestilt inn nye klubbdrakter like før jul i 2007. Styret har beslutta at det skal vere eit visst lager tilgjengeleg for kjøp for klubben sine noverande medlemmar, og nye som måtte kome til. Ein god del av kapitalen som stod på konto ved årsskiftet vil gå med til dette.

For styret i Eidsfossen Sykkel, januar 2008

Vidar Eide

-leiar-

Rekneskap Eidsfossen Sykkelklubb 2007

Inntekter		Utgifter		
Medlemskap	6050	Husleige	100	
Sal Tubewear	4200	Ad./Kontor	401	
Gåver/Kulturmidlar	4250	Kontoutgifter	34	
Overskot Eidsfossen GP	3611	Premiar	159	
Birkebeinerreise	16083	Annonser	613,5	
Renteinntekter	111	Norges Cykleforbund	2000	
		Innkjøp Tubewear	4744	
		Startpengar, Breimstafetten	850	
		Birkebeinerreise	16100	
		Forsikring Eidsfossen GP	1800	
Sum	Inntekter	34305	Utgifter	26801,5
Overskot 2007	7503,50			